



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976997654

Møteprotokoll

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 27. februar 2020
Møtetid: 1840-2100
Møtestad: Møterom, Kyrkjelydshuset

Desse møte:

Svein Løwe, Eva Beate Nybø, Arne Hjelmås, Anne Beate Storbakk Skeide, Odd Arve Orten, Berit Marie Sporsheim og Kristian Finn Risung (frå kl 20)

Forfall: Sissel Kvist, Anne Berit Oterhals Skrede og Hanne Katrine Småge (3)

Opningsord: Elizabeth

Etter opningsorda var det synfaring i sakristiet i kyrkja i samband med sak nr 12/20.

SAKLISTE SR/FR-sak

10/20 **GODKJENNING AV:**
A. Innkalling
B. Referat frå møtet 30. januar 2020

VEDTAK:

Innkallinga og referatet frå førre møte, 30. januar var godkjend.

11/20 **BUDSJETT 2020.**
Sakshandsaming i AU:
Eit framlegg til budsjett 2020 var lagt fram i møtet saman med tildelingsbrevet frå kommunen. Då var det laga til utkast med nokre punkt til oppfølging/undersøking.

Innstilling til SFR:

Elizabeth og Svein jobber vidare med utarbeiding av detaljerte budsjett for 2020 som skal handsamast i neste SFR møte.

Vedtak frå AU:

Elizabeth og Svein jobber vidare med utarbeiding av detaljerte budsjett for 2020 som skal handsamast i neste SFR møte.

Innstilling til SFR:
Budsjettet for 2020 vert godkjend.

VEDTAK:

Budsjettet for 2020 blei godkjend

12/20 VEDLIKEHALD/OPPUSSING AV SAKRISTIET I AUKRA KYKJRE VÅREN 2020

Det har vore lage til plan for dette vedlikehaldsprosjekt og det er løyve finansiering på kr 570 000 (fondsmidler). Arbeidet blir utford på dugnad og profesjonelt. Svein Magne Harnes frå Møre Bispedøme var på synfaring 19. februar og var positiv så langt i prosessen. Han oppmoda at vi sender inn søknad for godkjenning av prosjektet til bispedøme og Riksantikvar om det er aktuelt. Før dette blir gjort, så må prosjektet godkjenast av soknerådet.

Når det gjeld detaljer elles om prosjekt viser ein til vedlegget utarbeidd av Peder Nedrelid – tidlegare kyrkjevevje.

Innstilling til SFR:
Kyrkjeadministrasjonen får fullmakt til å sette i gong prosjektet:
vedlikehald/oppussing av sakristiet etter gjeldande lover og instruks.

Merknader frå SFR:
Skapdørene må behaldast i same stil som no.

VEDTAK: Kyrkjeadministrasjonen får fullmakt til :

1. å søke Møre Bispedømmet om godkjenning av prosjektet: *vedlikehald/oppussing av sakristiet* etter gjeldande lover og instruks.

2. å sette i gong med dugnads- og rivingsarbeidet i forhold til planen når dette blir innvilga av Møre Bispedømmet/Riksantikvar.

**13/20 ORTEN – FRAMTIDIG ORDNINGER I SAMBAND MED KOMMUNEREFORMEN 2020
Sakshandsaming i AU**

Etter kommunereformen for 2020 er Orten ein del av Aukra. Då må det utarbeidast ei framtidig ordning som vi kan bruke framover.

Vedtak frå AU:
Saka blir drøfta i neste soknerådsmøte. Orientering v/soknepresten.

Innstilling til SFR:
Saka blir drøfta i neste soknerådsmøte. Orientering v/soknepresten.

Vedtak frå SFR 30. januar sak nr 7/2020
Saka blir drøfta i neste soknerådsmøte. Orientering v/soknepresten

VEDTAK: Kyrkjevevja skriv brev til ferga-selskapet om ynskje om endring av fergerute som tilpasser gudstenester då Orten er no ein del av Aukra kommune. Det gjeld i samband med gudsteneste 24. mai og framover.

14/20

SAMARBEID/KOMMUNIKASJON MELLOM AUKRA SOKNERÅD OG GBU

Dette var teke opp på stabsmøtet 18. februar. Oppmøte av born og ungdom har vore svært dårleg i det siste. Det gjeld også når ulike oppdrag er avtalt på førehand. Kva kan me gjere for å få dei til å vere med?

Når det gjeld ungdom så har trusopplæraren og presten sett i gong plan der nokre av konfirmantene skal ha ulike oppgåver i gudstenester framover. Elizabeth (kyrkjeverje) tar kontakt med kulturskulen. Det er ynskjeleg at nokon frå soknerådet tar kontakt med skulene. Framlegget var Svein Løwe som er leiar for soknerådet.

Innstilling til SFR:

Svein Løwe og trusopplærar Liane Schuldt tar kontakt med skulane på vegne av soknerådet i samband med kyrkjeaktiviteter for barn og ungdom.

15/20

REFERATSAKER

- **Sak 5/20 Gudstenester Julsundet** – Kristian sender alternativ møtedato til Elizabeth
- **Fasteaksjonen/bøsseinnsamling 29. mars** - Som KN-kontakt har soknerådet vald Eva Beate O Nybø og Arnar Ingi Julnes. Litt om innhald, organisering og ansvar. Elizabeth bestiller material og sender førespørsal til gospelkoret om å vere bøssebærar.
- **Feitetysdag** –velukka arrangement i kyrkjelydshuset tysdag 25. feb. 90 stk var innom.
- **Misjonsbasar** – hjelp i samband med arrangement i kyrkjelydshuset fredag 6. mars. Må bestille meir graut.
- **Påmelding/avbud i samband med årsmøte kyrkjebladet** – torsdag 5. mars. Frist torsdag 27. februar pga bestilling av mat. Det er 19 stk påmelde pr dd (2. mars).
- **Misjon Uten Grenser – takkeskriv** - Misjon Uten Grenser takkar for **kr 25.387,75** som vart sendt frå Aukra sokn i 2019. Var teke til orientering.

16/20

EVENTUELT

- **Bygdekvinnelag** - Fritak for betaling av husleige vert handsama i neste SFR-møte
- **Revidering av satser bl.a leige av kyrkja og kyrkjelydshuset** – var drøfta i samband med budsjettet for 2020. Satsene treng revidering.

Aukra 2. mars 2020

Svein Løwe
Leiar
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik
Kyrkjeverje/sekretær
Tlf: 71171540/90838155

